

Utval: Opplærings- og helseutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etg, Fylkeshuset
Dato: 17.03.2015
Tidspunkt: 10:00 -11:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|--------------------------|-----------|---------------|
| Rosalind Fosse | Medlem | FRP |
| Toralv Mikkelsen | Medlem | A |
| Jette Lunemann Hansen | Medlem | A |
| Dan Stian Femoen | Nestleiar | H |
| Roald Stenseide | Leiar | FRP |
| Aslaug Hellesøy | Medlem | KRF |
| Jane Kirsti Stangeland | Medlem | A |
| Rasmus Laupsa Rasmussen | Medlem | A |
| Alexander Fosse Andersen | Medlem | FL SP/MDG |
| Børge Lunde | Medlem | H |
| Gunn Mari Moberg | Medlem | H |
| Anette Netteland Dybvik | Medlem | H |
| Bjørnar Hamre | Medlem | V |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|--------------------|----------------------------|
| Svein Heggheim | Fylkesdirektør opplæring |
| Nils Skavhellen | Inntaksleiar |
| Linda Farestveit | Seksjonsleiar skule |
| Torbjørn Mjelstad | Seksjonsleiar fagopplæring |
| Arne Åsan | Fylkestannlege |
| Øydis Rydland Ziem | Utvalssekretær |

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|--------------------------|--|-------------------------|---------------|
| PS 12/15 | Godkjenning møteinnkalling | | |
| PS 13/15 | Godkjenning møteprotokoll forrige møte | | |
| PS 14/15 | Referatsaker (Meldingar) | | |
| RS 6/15 | Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland | 2014/19439 | |
| RS 7/15 | Årsrapport 2014 - Utdanning for vaksne | 2015/2018 | |
| RS 8/15 | Følgjeskriv til uttale frå Ungdommens fylkesutval | 2015/2682 | |
| RS 9/15 | Svar på munnleg spørsmål vedk. fråsegner | 2015/2028 | |
| RS 10/15 | Ny standard for folkehelsearbeidet i Norden,- Trondheimserklæringa | 2015/606 | |
| RS 11/15 | Melding om at tilskotsordninga "Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv" utgår frå 2015. | 2014/12424 | |
| RS 12/15 | Melding om oppstart av arbeid med oversikt over folkehelsestilstanden i Hordaland – det fireårige oversiktsdokumentet og det løpande arbeidet. | 2015/976 | |
| RS 13/15 | Budsjettmodell - inntakssystem - psykisk helse - tillit til lærarane - oversendingsforslag i fylkestinget | 2014/24479 | |
| RS 14/15 | Vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Norges Realfagsgymnas Sotra AS - søknad etter privatskolelova | 2014/20188 | |
| RS 15/15 | Sluttrapportering Kompetanseprogrammet "Folkehelse og nærmiljøkvalitetar - Helsefremjande nærmiljøkvalitetar for SFO" Hordaland 2012-2014 | 2014/12157 | |
| RS 16/15 | Følgjeskriv til skriv vedk. Årstad vgs | 2015/2833 | |
| PS 15/15 | Høyring - EUs mobilitetsverktøy ECVET nyttast for å godkjenne kompetanse | 2015/318 | |
| PS 16/15 | Høyring - Rettleiar - Samarbeid mellom helse- og omsorgstenesta og utdanningssektoren om born og unge med habiliteringsbehov | 2015/2498 | |
| PS 17/15 | Høyringsfråsegn - NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg | 2014/22282 | |
| PS 18/15 | Vidareføring av ordninga med opne gymsalar. | 2014/15615 | |
| PS 19/15 | Fylkeskommunen si rolle som regionalt folkevalgt forvaltingsnivå | 2014/24775 | |
| PS 20/15 | Gjennomføring av politisk skuleval ved dei vidaregåande skulane hausten 2015 | 2015/2358 | |
| PS 21/15 | Ymse | | |

PS 12/15 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

Vedtak

Møteinnkallinga vart samrøystes godkjent.

Saklista vart godkjent med følgjande merknad: Sak PS1915 vert handsama som melding p.g.a. at saka allereie har vore handsama i fylkesutvalet.

PS 13/15 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

Vedtak

Møteprotokoll frå forrige møte vart samrøystes godkjent.

PS 14/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

RS 6/15: Dan Femoen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Ønsker å utrede mulighetene for at kommunene kan overta tannklinikker som vurderes nedlagt av Hordaland fylkeskommune».

Oversendingsforslaget følgjer planen (vedteke mot 4 røyster (AP)).

RS 13/15: Anette Netteland Dybvik sette fram følgjande alternative forslag til pkt. D:

«Tillitt til lærarane

Lærarane er vår viktigaste ressurs i skulen, og vi ønskjer å frigi meir tid slik at dei kan konsentrere seg om si viktigaste oppgåve, som er undervisning av elevane. Difor vedtek fylkestinget at fylkesrådmannen skal fremje ei sak om avbyråkratiserande tiltak i den vidaregåande skulen i Hordaland.»

Forslaget vart vedteke oversendt administrasjonen.

Vedtak

Øvrige meldingar vart tekne til orientering.

RS 6/15 Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland

RS 7/15 Årsrapport 2014 - Utdanning for vaksne

RS 8/15 Følgjeskriv til uttale frå Ungdommens fylkesutval

RS 9/15 Svar på munnleg spørsmål vedk. fråsegner

RS 10/15 Ny standard for folkehelsearbeidet i Norden,- Trondheimserklæringa

RS 11/15 Melding om at tilskotsordninga "Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv" utgår frå 2015.

RS 12/15 Melding om oppstart av arbeid med oversikt over folkehelsestilstanden i Hordaland – det fireårige oversiktsdokumentet og det løpande arbeidet.

RS 13/15 Budsjettmodell - inntakssystem - psykisk helse - tillit til lærarane - oversendingsforslag i fylkestinget

RS 14/15 Vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Norges Realfagsgymnas Sotra AS - søknad etter privatskolelova

RS 15/15 Sluttrapportering Kompetanseprogrammet "Folkehelse og nærmiljøkvalitetar - Helsefremjande nærmiljøkvalitetar for SFO" Hordaland 2012-2014

RS 16/15 Følgjeskriv til skriv vedk. Årstad vgs

PS 15/15 Høyring - EUs mobilitetsverktøy ECVET nyttast for å godkjenne kompetanse

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

| | |
|---|--|
| 1 | Prosesen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggast opp til grundig opplæring og informasjon. |
| 2 | Ansvar for å sikre einenskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må liggje til eit nasjonalt organ. |
| 3 | Høyringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane. |

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 10.03.2015

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Hordaland fylkeskommune er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

| | |
|---|--|
| 1 | Prosesen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggast opp til grundig opplæring og informasjon. |
| 2 | Ansvar for å sikre einenskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må liggje til eit nasjonalt organ. |
| 3 | Høyringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane. |

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Hordaland fylkeskommune er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

| | |
|---|--|
| 1 | Prosesen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggast opp til grundig opplæring og informasjon. |
| 2 | Ansvar for å sikre einenskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må liggje til eit nasjonalt organ. |
| 3 | Høyringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane. |

PS 16/15 Høyring - Rettleiar - Samarbeid mellom helse- og omsorgstenesta og utdanningssektoren om born og unge med habiliteringsbehov

Forslag til vedtak

Opplærings- og helseutvalet er positive til framlegget til rettleiar med kommentarane som kjem fram av vedlagte utfylte høyringsskjema.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Opplærings- og helseutvalet er positive til framlegget til rettleiar med kommentarane som kjem fram av vedlagte utfylte høyrings skjema.

PS 17/15 Høyringsfråsegn - NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til *NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg* slik det går fram av Fylkesrådmannen si vurdering i denne saka.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

Rosalind Fosse sette på vegner av heile utvalet fram forslag til nytt pkt 2:

«HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for fylkeskommunen si organisering av fagskolen. Det er viktig at fagskolen må sjåast i eit større perspektiv og må liggje under eit regionalt nivå. Så lenge Norge har ein 3-nivå-modell bør fagskolen vere tilknytta regional eining.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Fosse sitt forslag til nytt pkt. 2.

Innstilling

| | |
|---|--|
| 1 | Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til <i>NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg</i> slik det går fram av Fylkesrådmannen si vurdering i denne saka. |
| 2 | HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for HFK si organisering av fagskolen. Deter viktig at fagskolen må sjåast i eit større perspektiv og må liggje under eit regionalt nivå. Så lenge Norge har ein 3-nivå-modell bør fagskolen vere tilknytta regional eining. |

PS 18/15 Vidareføring av ordninga med opne gymsalar.

Forslag til innstilling

| | |
|---|---|
| 1 | Arbeidet med opne gymsalar vert vidareført som ei fast ordning. |
| 2 | Ordninga med opne gymsalar blir utvida til ei årleg ramme på kr 400 000 og må leggjast inn i budsjettet for 2016. |

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

Bjørnar Hamre sette fram forslag til nytt pkt. 3:

«Fylkesutvalet ber om at det skal leggjast fram eiga sak om korleis bruk av areal til musikk og andre kulturaktivitetar på dei vidaregåande skulane kan nyttast på tilsvarende måte som bruk av gymsalar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke saman med Hamre sitt forslag til nytt pkt. 3.

INNSTILLING

| | |
|---|---|
| 1 | Arbeidet med opne gymsalar vert vidareført som ei fast ordning. |
| 2 | Ordninga med opne gymsalar blir utvida til ei årleg ramme på kr 400 000 og må leggjast inn i budsjettet for 2016. |

| | |
|---|--|
| 3 | Fylkesutvalet ber om at det skal leggjast fram eiga sak om korleis bruk av areal til musikk og andre kulturaktivitetar på dei vidaregåande skulane kan nyttast på tilsvarande måte som bruk av gymsalar. |
|---|--|

PS 19/15 Fylkeskommunen si rolle som regionalt folkevalgt forvaltingsnivå

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet 5.12.2014 og vedtak i KS hovudstyre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport «Nye folkevalte regioner - mål, prinsipper og oppgaver» (datert 8.des. 2014), og anbefalar at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevalt nivå:

1. I Norge er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevalt styring som kan ta eit regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
 2. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåver/sectorar som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalte nivå styrker demokratiet og inneber maktspreiing.
 3. Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriell detaljstyring. Oppgåver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalte regioner i samhandling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.
 4. Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevalt nivå.
 5. Folkevalte regionar bør få overført oppgåver frå staten innanfor følgjande områder:
 - a. Statens vegvesens regionapparat/fylkesavdelingar
 - b. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c. Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d. Delar av Forskningsrådet sine program
 - e. Konesjonsoppgåver og veiledningsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvaltning av regional karakter
 - f. Dei delar av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - g. Miljø/klima
 - h. Landbruk
 - i. Prosjektskjønnsmidlar
- Mange av desse oppgåvene er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samanheng med framtidige endringar i kommunestruktur.
6. Staten bør som hovudregel organisere si verksemd slik at den korresponderer med den folkevalte regionstruktur som blir etablert.
 7. Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.
 8. Alle avklaringar som gjeld det folkevalte regionale nivå må skje parallelt med tilsvarande avklaringar knytt til kommunestrukturen, jamfør Stortinget sine føresetningar av juni 2014. Med dette som utgangspunkt ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert fremma våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsipp som ligger i dette vedtaket.
 9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalte nivået bør starte i det enkelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.
 10. Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet forutset at både fylkeskommunane og KS blir trekt aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal ligge til det regionale folkevalte nivå.

PS 19/15 vart handsama som melding og teke til orientering p.g.a. at saka allereie har vore handsama i fylkesutvalet.

PS 20/15 Gjennomføring av politisk skuleval ved dei vidaregåande skulane hausten 2015

Forslag til vedtak

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg for gjennomføring av politiske debattar og valborg ved dei vidaregåande skulane hausten 2015.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

Anette Netteland Dybvik sette fram følgjande forslag til nytt pkt. 2:

«OPHE ønskjer at opplæringsavdelinga står for ei regionvis organisering av debatt/valborg med fastsett dato og tid; dette for å hindre dei negative konsekvensane av spreidd organisering.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Dybvik sitt forslag til nytt pkt. 2.

Vedtak

| | |
|----------|---|
| 1 | Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg for gjennomføring av politiske debattar og valborg ved dei vidaregåande skulane hausten 2015. |
| 2 | OPHE ønskjer at opplæringsavdelinga står for ei regionvis organisering av debatt/valborg med fastsett dato og tid; dette for å hindre dei negative konsekvensane av spreidd organisering. |

PS 21/15 Ymse

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 17.03.2015

Følgjande dokument vart lagt fram i møtet:

Svar på brev om tilbudet til ungdom med nedsett funksjonsevne i vidaregåande skule datert, 09.03.15 (2015/3015-1).

Brev frå Møre & Romsdal fylkeskommune datert 03.02.15 vedk. Nasjonal Opplæringskonferanse 2015.

Årsrapport 2014 – UTDANNING FOR VAKSNE

Prognoseinntaket.

Inntaksleiar Nils Skavhellen informerte om Prognoseinntaket skuleåret 2015/2016.

OPEN TIME

Rasmus L. Rasmussen stilte følgjande to spørsmål:

- a) Korleis kan HFK oppfylle at innhaldet i **Regional plan for folkehelse** skal kunna visa igjen i ulike saksutgreiingar?

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet og vil bringa saka vidare til fylkesrådmannen.

- b) Status for Handlingsplan for lesbiske og homofile?

Vedtak: Status vedk. ovannemde plan vert lagt fram for OPHE som melding til neste møte.

